



Arkivnr: 2014/10543-1  
Saksbehandlar: Jon-Rune Smørdal

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		19.02.2014
Fylkestinget		11.03.2014

## Eigarskapsmelding 2014 - forenkla melding

### Samandrag

Det er kort tid sidan sist eigarskapsmelding vart lagt fram for fylkestinget (juni 2013). Fylkesrådmannen meiner difor det ikkje er behov for ein omfattande gjennomgang og revisjon. I denne saka vert det gjeve oversyn over status for eigarskapsforvaltinga. Kort oppsummering for kvart selskap ligg ved saka.

### Forslag til innstilling

Fylkestinget tek meldinga om eigarskapsforvaltinga i Hordaland fylkeskommune til orientering.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Johnny Ernst Stiansen  
fylkesdirektør økonomi

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Vedlegg

- 1 Oversikt over selskap
- 2 Stiftingsdokument Askøy Bompengeselskap AS

## Fylkesrådmannen, 04.02.2014

### Bakgrunn

Eigarskapsmelding for 2013 vart lagt fram for fylkestinget juni 2013. Under kap. 3 punkt 2 står det at eigarskapsmelding vil bli lagt fram i løpet av første seks månadene etter at nytt fylkesting er sett. I tillegg er det lagt opp til at fylkestinget kvart år skal få ei enklare orientering/melding.

Fylkesrådmannen legg med dette legge fram ei enklare melding. Det er kort tid sidan eigarskapsmeldinga for 2013 vart lagt fram for fylkestinget, så i denne saka vil fylkesrådmannen kort summere opp status. Det er også lagt ved oversyn over selskap med fylkeskommunalt eigarskap som viser aksjekapital, eigardel, føremål, eigarskapsstrategi, styresamansetning og rekneskapsresultat 2012, med utgangspunkt i tilsendt informasjon etter generalforsamlingar og det som er registrert i Brønnøysundregisteret.

Fylkestinget i juni 2013 gjorde følgjande vedtak i eigarskapsmeldinga:

«

1. *Fylkestinget viser til den framlagde eigarskapsmeldinga og sluttar seg til prinsippet om differensiert eigarstrategi.*
2. *Fylkestinget viser til vedtak i fylkestingssak 17/2013 Selskapskontroll – eigarskapsforvaltning i Hordaland fylkeskommune. Fylkestinget er samd i at vedtakspunkta 5, 6 og 8 vert å kome attende til i to eigne saker. Punkta 5 og 6 vert å fremje i ei sams sak og punkt 8 i ei eiga sak.*
3. *Fylkestinget godkjenner følgjande forslag om vedtektsendring:*

#### *Bystasjonen AS*

*§3: «Selskapet har til formål planlegging og bygging av ny kollektivterminal – Bystasjonen – i Bergen sentrum, samt drift av kollektivterminal og virksomhet som står i forbindelse med dette. Selskapet er av allmennyttig karakter og skal ikke dele ut utbytte.»*

*§7: «På den ordinære generalforsamling skal følgende spørsmål behandles og avgjøres:*

- Godkjenning av årsregnskapet og årsberetningen.*
- Andre saker som etter loven eller vedtektene hører inn under generalforsamlingen.»*

#### *Kvam bompengeselskap AS*

*§3: «Føremålet til selskapet er å stå for bompengefinansiering/oppkrevjing til finansiering av aktuelle vegprosjekt i Kvam herad i samsvar med vedtak i Stortinget og avtale med Statens vegvesen.»*

#### *Hardangerbrua AS*

*§3: «Føremålet til selskapet er å stå for bompengefinansiering/oppkrevjing til finansiering av Hardangerbrua med tilførselsvegar i samsvar med vedtak i Stortinget og avtale med Statens vegvesen.»*

#### *AS Austevoll bruselskap*

*§2: «Føremålet til selskapet er å stå for bompengefinansiering/oppkrevjing til finansiering av bru-, tunnel- og vegprosjekt i Austevoll kommune i samsvar med vedtak i Stortinget og avtale med Statens vegvesen.»*

*Forslaga vert å sende til selskapa for handsaming i styre og generalforsamling.»*

## Oppfølging av vedtak

### Oppfølging av punkt 2 i vedtaket:

I vedtaket er det vist til punkta 5,6 og 8 i fylkestings sak 17/13 Selskapskontroll – eigarskapsforvaltning i Hordaland fylkeskommune. Desse punkta har slik ordlyd:

5. Å utarbeide rutinar, saman med valnemnda, for val av styrerepresentantar, der det mellom anna kan gå fram kven som kan veljast og kva kvalifikasjonar som skal vektleggast (jf. punkt 4 i fylkestingvedtak 02/08).
6. Å sikre at punkt 5 i fylkestingvedtak 02/08 om å utarbeide rutinar og retningslinjer for utøving av styreverva blir følgt opp. Slike rutinar kan omfattast av eigarskapsmeldinga og kan t.d. omhandle registrering av styreverv, vurdering av habilitet og liknande.
8. Spørsmålet om ugildskap blir tidvis aktualisert både i fylkestinget og i utval og komitéar. Praksis på dette området synest å variere. Fylkestinget ber fylkesrådmannen i samarbeid med kontrollutvalet om eit notat som kan gi politikarane i Hordaland fylkeskommune naudsynt rettleiing med omsyn til praktisering av ugildskap.”

Fylkesrådmannen vil legge fram sak om prosedyrar for val av styremedlemmer og kompetansevurdering, punkt 5 og 6 ovanfor, i god tid før neste fylkestingsval.

Når det gjeld spørsmål knytt til habilitet, slik det kjem fram av punkt 8, har fylkesrådmannen innhenta ei ekstern utgreiing om praktisering av habilitet som vil verta lagt fram som referatsak for fylkestinget i mars.

Kontrollutvalet har sendt brev, datert 23. april 2013, om at utvalet ikkje vil involverast i utarbeiding av notat om habilitet.

### Oppfølging av punkt 3 i vedtaket:

Forslaga til vedtektsendringar er sendt til selskapa for handsaming i styre og generalforsamling. Bystasjonen AS og Kvam bompengeselskap AS var tidsnok ute til å vedta endringa i vedtektene på generalforsamlinga i 2013. Hardangerbrua AS og AS Austevoll bruselskap hadde ikkje vedtektsendring på dagsorden på grunn av at melding om forslag til vedtektsendringar ikkje kom fram før generalforsamlinga vart gjennomført. Fylkesrådmannen føreset at forslag til vedtektsendringar blir tatt opp på generalforsamlinga i 2014.

## Status i forhold til sentrale punkt i Eigarskapsmelding 2013

Fylkesrådmannen meiner det ikkje er behov for ei ny revidering av selskapsstrategi og eigarskapsstyring ut frå den kjennskapen ein har til status for selskapa. Dette blir i hovudsak gjort i eigarskapsmeldinga som blir lagt fram etter kvart val og elles når det er behov for det.

I kapittel 3 i eigarskapsmeldinga for 2013 står ei vurdering av fylkeskommunen sin praksis i forhold til KS sine tilrådingar om eigarskapsforvaltning i 19 punkt. Fylkesrådmannen kommenterer i denne meldinga forhold som har endra seg sidan eigarskapsmeldinga for 2013 vart lagt fram. Kva punkt i KS si tilråding dette kjem innunder står i parentes. I tillegg går fylkesrådmannen gjennom det som er nytt sidan eigarskapsmeldinga vart lagt fram.

### Obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalte (punkt 1)

Det er gitt tilbud om opplæring av folkevalte.

### Vurdering og val av selskapsform (punkt 4)

Vurdering av korleis ein skal organisere bompengeselskap vil bli lagt fram som eiga sak i 2014.

Som nemnt innleiingsvis vil fylkesrådmannen legge fram sak om prosedyrar for val av styremedlemmer og kompetansevurdering i god tid før neste fylkestingsval ( punkt 9 og 10 i tilrådingane frå KS)

I tillegg skal fylkesrådmannen gjere greie for spørsmål knytt til habilitet (punkt 14), som også nemnt innleiingsvis.

#### Arbeidsgivertilhørighet i selvstendige rettssubjekter (punkt 17)

Som nemnt i eigarskapsmeldinga 2013 har fylkesrådmannen sendt brev til selskapa der ein ber om tilbakemelding på om selskapet har medlemsskap i ein arbeidsgivarorganisasjon. Ein del selskap har gjeve tilbakemelding på at det ikkje er relevant på grunn av ingen/få tilsette. Fylkesrådmannen har sendt ny førespurnad til dei selskapa som ikkje har gjeve tilbakemelding.

#### Etiske retningslinjer (punkt 18)

Som nemnt i eigarskapsmeldinga 2013 har fylkesrådmannen sendt brev til selskapa der ein ber om tilbakemelding på om selskapet har vedteke etiske retningslinjer. Alle har enno ikkje svart. Fylkesrådmannen har sendt ny førespurnad til dei selskapa som ikkje har gjeve tilbakemelding.

### **Selskapskontroll sidan Eigarskapsmelding 2013**

Deloitte la fram rapport for selskapskontroll av Business Region Bergen (BRB) i november 2013. Rapporten vart lagt fram for fylkestinget i møte desember 2013. I rapporten står det mellom anna følgjande:

*«Det er revisjonen si vurdering at Hordaland fylkeskommune utøver kontroll med Business Region Bergen i samsvar med politiske vedtak og etablerte normer for god eigarstyring.»*

*« Selskapskontrollen viser at det er ei avklart rolle- og ansvarsfordeling i fylkeskommunen når det gjeld oppfølging av Business Region Bergen, og at det er god kommunikasjon og samhandling mellom administrasjonen i fylkeskommunen og BRB. «*

*« Med utgangspunkt i revisjonen sine vurderingar knytt til fylkeskommunen si eigarstyring av BRB ser ikkje revisjonen behov for å foreslå konkrete tilrådingar etter kontrollen.»*

Fylkestinget gjorde følgjande vedtak i punkt 1:

*«Fylkestinget seier seg nøgd med at revisjonsrapporten ikkje ser behov for å foreslå konkrete tilrådingar etter Deloitte sin kontroll av fylkeskommunen si eigarstyring av Buisness Region Bergen.»*

### **Prosedyrar for eigarskapsforvaltning**

Prosedyre for fylkesadministrasjonen sine oppgåver i eigarskapsforvaltninga, slik det kjem fram i Eigarskapsmelding 2013, er lagt ut i kvalitetssystemet. Oppgave- og rollefordeling mellom avdelingane er avklart og kontaktpersonar for dei ulike selskapa har fått tilsendt informasjon om deira rolle. Selskapskontrollen av Business Region Bergen viser no at det er ei avklart rolle- og ansvarsfordeling i fylkeskommunen.

## Nye selskap

### Askøy bompengeselskap AS

Askøy bompengeselskap AS vart oppretta 23.09.2013. Selskapet sitt føremål er å førestå delfinansiering av delprosjekta i Askøypakken.

Hordaland fylkeskommune sin eigarskapstrategi er av samfunnsmessig karakter; å medverke til at vedtatt bompengefinansiering i samsvar med gjeldande bompengeproposisjon vert følgd, samt at innkrevjing og forvaltning av bompengane skjer i samsvar med gjeldande regelverk.

Fylkeskommunen har garantiansvar for selskapet sine lån, og det er derfor ein medviten eigarstrategi å inneha aksjefleirtalet – for å sikra seg at økonomiske disposisjonar i selskapet ikkje set den fylkeskommunale garantien i fare.

Eigarskapet i selskapet er delt mellom Hordaland fylkeskommune med 180 aksjar og Askøy kommune med 120 aksjar. Pålydande pr. aksje er kr 1000,-

Stiftingsdokument er vedlagt denne saka.

### Griegghallen IKS

Oppretting av Griegghallen IKS vart vedtatt av fylkestinget juni 2013. Det er skreve under selskapsavtale. Hordaland fylkeskommune har ein eigardel på 50% og Bergen kommune 50% med ein selskapskapital på totalt 1 mill. kr. Formålet med selskapet er å få betre finansieringsvilkår for fornyingsprosjektet av Griegghallen som er kostnadsrekna til 234,6 mill. kr. Selskapet skal erverve, eige og leige ut Griegghallen.

## Oversikt over selskap

Oversikt over HFK sin eigarskapsportefølgje sortert etter sektor:

Selskap	Føremål	Sektor	Underkategori	Eigardel	§-80 selskap (komm.loven)
Bergen Bompengeselskap AS	Samfunnmessig	Samferdsel	Bompengeselskap, innkrevjing	100,0	Ja
Sunnhordland Bru- og Tunnelsselskap AS	Samfunnmessig	Samferdsel	Bompengeselskap, innkrevjing	61,8	Nei
Askøy Bompengeselskap AS	Samfunnmessig	Samferdsel	Bompengeselskap, innkrevjing	60,0	Ja
Voss og omland bompengeselskap AS	Samfunnmessig	Samferdsel	Bompengeselskap, innkrevjing	57,1	Ja
Kvam Bompengeselskap AS	Samfunnmessig	Samferdsel	Bompengeselskap, innkrevjing	53,3	Ja
Bømlo Vegselskap AS	Samfunnmessig	Samferdsel	Bompengeselskap, innkrevjing	53,3	Ja
Hardangerbrua AS	Samfunnmessig	Samferdsel	Bompengeselskap, innkrevjing	53,3	Ja
Fastlandssamband Halsnøy AS	Samfunnmessig	Samferdsel	Bompengeselskap, innkrevjing	52,6	Ja
Jondalstunnelen AS	Samfunnmessig	Samferdsel	Bompengeselskap, innkrevjing	52,0	Ja
AS Austevoll Bruselskap	Samfunnmessig	Samferdsel	Bompengeselskap, innkrevjing	51,0	Ja
Osterøy Bruselskap A/S	Samfunnmessig	Samferdsel	Bompengeselskap, innkrevjing	14,3	Nei
Bergen-Os bompengeselskap AS	Samfunnmessig	Samferdsel	Bompengeselskap, pådrivar	52,0	Ja
Odda Vegfinans AS	Samfunnmessig	Samferdsel	Bompengeselskap, pådrivar	52,0	Ja
Nordhordlandspakken AS	Samfunnmessig	Samferdsel	Bompengeselskap, pådrivar	40,0	Ja
Vikafjellsvegen SA	Samfunnmessig	Samferdsel	Bompengeselskap, pådrivar	20,0	Nei
Haukelivegen AS	Samfunnmessig	Samferdsel	Bompengeselskap, pådrivar	3,0	Nei
Bybanen AS	Samfunnmessig	Samferdsel	Kollektiv infrastruktur	100,0	Ja
HFK Bussanlegg AS	Samfunnmessig	Samferdsel	Kollektiv infrastruktur	100,0	Ja
Bystasjonen AS	Samfunnmessig	Samferdsel	Kollektiv infrastruktur	100,0	Ja
Business Region Bergen AS	Samfunnmessig	Næring og nyskaping		35,0	Ja
Sunnhordland Lufthavn A/S	Samfunnmessig	Næring og nyskaping		21,0	Nei
Bergen Vitensenter AS	Samfunnmessig	Næring og nyskaping		19,0	Nei
Gulen og Masfjorden Utvikling AS	Samfunnmessig	Næring og nyskaping		9,7	Nei
Fjord Norge AS	Samfunnmessig	Næring og nyskaping		8,9	Nei
Atheno AS	Samfunnmessig	Næring og nyskaping		8,9	Nei
Innovasjon Norge, howdkontor	Samfunnmessig	Næring og nyskaping		2,6	Nei
Sarsia Development AS	Samfunnmessig	Næring og nyskaping		1,6	Nei
Hordaland Teater L/L	Samfunnmessig	Kultur		60,0	Ja
Vestnorsk Filmsenter AS	Samfunnmessig	Kultur		50,0	Ja
Moster Amfi- og kyrkjehistorisk senter AS	Samfunnmessig	Kultur		50,0	Ja
Den Nationale Scene AS	Samfunnmessig	Kultur		16,7	Nei
Carte Blanche AS	Samfunnmessig	Kultur		15,0	Nei
Biblioteksentralen SA	Samfunnmessig	Kultur		0,8	Nei
Valen Kraftverk AS	Finansielt	Energi		100,0	Ja
Kommunekraft AS	Samfunnmessig	Energi		0,3	Nei
Strandgaten 195 AS	Samfunnmessig	Eigedom		100,0	Ja
Grieghallen IKS	Samfunnmessig	Eigedom		50,0	Ja
AS Strandgaten 196	Samfunnmessig	Eigedom		33,3	Nei
Beredt AS	Samfunnmessig	Arbeidsmarknadsverksemd		100,0	Ja
Storeholmen VTA AS	Samfunnmessig	Arbeidsmarknadsverksemd		36,4	Ja
Voss Bedriftservice AS	Samfunnmessig	Arbeidsmarknadsverksemd		25,5	Nei
Nordhordland Industriservice AS	Samfunnmessig	Arbeidsmarknadsverksemd		17,7	Nei
Opero AS	Samfunnmessig	Arbeidsmarknadsverksemd		16,6	Nei
Norheimsund Industrier AS	Samfunnmessig	Arbeidsmarknadsverksemd		13,7	Nei

Vedlagt denne saka følgjer ei nærare oversikt over kvart enkelt selskap som viser aksjekapital, eigardel, føremål, eigarskapsstrategi, styresamansetning og rekneskapsresultat, med utgangspunkt i tilsendt informasjon etter generalforsamlingar og det som er registrert i Brønnøysundregisteret.

Fylkesrådmannen legg også ved stiftingsdokument for Askøy Bompengeselskap AS dat. 23.09.2013